

Gro-Renée Rambø: *Historiske og sosiale betingelser for språkkontakt mellom nedertysk og skandinavisk i seinmiddelalderen – et bidrag til historisk språksosiologi*. Oslo: Novus forlag 2010, 421 sider.

Innleiing

Denne boka er ei omarbeidd utgåve av dr.art.-avhandlinga med same tittel frå 2008. Forfattaren, Gro-Renée Rambø, er førsteamanuensis i språkvitskap ved Universitetet i Agder. Det bør nemnast at meldaren også har hatt tilgang til avhandlinga slik den låg føre.

Arbeidet er delt i fire hovuddelar. I første del får vi ein generell introduksjon til emnet og eit oversyn over eldre og nyare forskning på språkkontakten mellom lågtysk og skandinavisk. Deretter følgjer ein svært utførleg teori- og metodedel, før vi i tredje del går laus på sjølv hovudemnet. Her er det først eit generelt kapittel om språk- og samfunnstilhøve i det aktuelle tidsrommet, som først og fremst vil seie seinmiddelalderen, og deretter har tilhøva på Gotland, i Danmark, i Sverige og Norge fått kvart sitt kapittel. I desse kapitla er det lagt vekt på jamføring mellom dei ulike byane etter ein fast struktur: Språksosiale og historiske rammer (med spesiell vekt på å fastslå når den eigenlege hansatida var på dei respektive stadene) folkesetnad, språksamfunnet, språkbruk og språkbrukssituasjonar og høve til språkkontakt. Det heile blir avslutta med ein oppsummerande og konkluderande bolk.

Karakteristikk

Avhandlinga er i utgangspunktet ein del av prosjektet ”Språkhistoriske prinsipper for lånord og neologismer i nordiske språk” (1997–2000), som i sin tur var ein del av forskingsprogrammet ”Norden og Europa” under Nordisk Ministerråd. Rambø definerer emnet sitt som historisk språksosiologi (s. 76). Arbeidet føyer seg inn i ei forskingsgrein som dei siste 20 åra har hatt det ein må kunne kalle ein høgkonjunktur, nemleg å bruke teoriar frå moderne språksosiologi og språkkontaktforskning på eldre historiske periodar. Som det ofte skjer når ulike disiplinar ”finn” kvarandre, har også møtet mellom språkhistorie og språksosiologi synt seg fruktbart. Mellom anna har det ført til ein ny giv for studiet av påverknaden frå lågtysk på skandinaviske språk i seinmellomalderen. Rambø stør seg i stor grad på Agnete Nesses undersøking av språkkontakten mellom norsk og tysk i Bergen (Nesse 2001)

og tek mønster derifrå, men utvidar undersøkinga til heile det nordiske området. Det blir gjort nedslag i Visby, København, Ribe, Kalmar, Stockholm, Oslo og Tønsberg. Nesse var sjølv laust tilknytt det nemnte prosjektet og var førsteopponent på avhandlinga til Rambø.

Vurdering

Den sentrale problemstillinga er formulert av Rambø på side 9: "Hva kan vi finne ut om ulike språksosiale rammevilkår som har vært bestemmende for språkkontakten i de viktigste byene i Skandinavia i hansatiden, og hvilke forskjellige kontaktforhold og resultater kan vi eventuelt observere som følge av de ulike språksosiale rammevilkårene?"

Eit kritisk og viktig punkt blir altså kva slutningar vi kan dra om språkkontaktssituasjonane i perioden ut frå kjeldene, som sjølvsagt er av ein heilt annan karakter enn det samtidig språksosiologi kan nytte seg av. Kjeldene er også ulike for dei forskjellige stadene i den perioden som blir granska, og let seg dermed ikkje naudsynleg jamføre direkte, slik Rambø også gjer merksam på (s. 129). Eit hovudspørsmål blir om det har vore dialektkontakt (mellom gjensidig forståelege varietetar) eller språkkontakt, med dei ulike resultatata ein kan vente seg i kvart tilfelle. Særskilte kjenneteikn ein normalt vil rekne med å finne ved kontakt mellom innbyrdes uforståelege språkvarianter (språkkontakt), er utbreidd tospråklegheit, blandingspråk eller kodeveksling. Har folk så vore tospråklege, eller har det utvikla seg eit blandingspråk? Svaret frå Rambø på begge desse spørsmåla er både-og; det må har vore eit kontinuum. Folk har truleg langt på veg vore passivt tospråklege, men ho poengterer at det også er eit kontinuum mellom aktiv og passiv (reseptiv) tospråklegheit (s. 365). Dersom dette er rett, må ein gje slepp på ein tommelfingerregel ein gjerne har operert med før, nemleg at tospråklege individ er ein føresetnad for at ordlån skal skje. Det er nok at ein har hatt *passivt* tospråklege individ. Rimeleg nok er det også, slik det blir påpeikt, at gjensidig forståing vil auke med tida dersom kontakten held seg oppe.

Rambø kritiserer tidlegare gransking for laus omgang med omgrep som 'blandingsspråk' (som nok i mange høve = kodeveksling) og 'semikommunikasjon' og prøver å rydde opp i dette. Det er ei vanskeleg oppgåve, og det vil nok vera delte meiningar om ho lykkast fullt ut. Men omgrepsdiskusjonen er i alle høve fyldig og grundig.

Ein føresetnad for å drive historisk språkvitskap er at ein kan bruke uniformitetsprinsippet – at dei same faktorane har verka i språkutviklinga til alle tider, eller i ein veikare versjon – at sosiale tilhøve alltid har vore viktig for språkbruken. For spreining av ordforråd er det i alle fall heilt andre føresetnader i dagens massemediesamfunn enn i seinmiddelalderen.

Rambøs avhandling er eit reint teoretisk/metodisk arbeid, og i stor mon ei samanstilling av tidlegare forskning. Når det gjeld framstillinga av den historiske bakgrunnen, er ein språkvitar i alle høve nøydd til å gjera det slik, jamvel om det kan reisast innvendingar mot bruken og utvalet av historiefagleg litteratur på enkelte punkt. Rambø har valt å konsentrere seg om språkeksterne forklaringsfaktorar, og konkrete språktrekk blir for det aller meste sett bort frå. Det er heller ikkje gjort noka sjølvstendig gransking av språklege eller andre primærkjelder frå perioden. Når dette valet er gjort medvite, må det absolutt kunne godtakast, noko komitéen som vurderte avhandlinga, også kom fram til. Ei slik avgrensing kan vera ein styrke, men kanskje også ein veikskap. Rambø syner god forståing for at interne og eksterne faktorar er komplementære og ikkje kan rangerast, dei forklarar ulike ting. Ei utførleg og balansert drøfting av dette finst på s. 80ff.

Likevel blir arbeidet for meg hengande litt i lause lufta, som noko halvt og ufullført, når drøftingane på denne måten blir fråkopla dei konkrete språklege fakta. Det er mogleg det ikkje kan seiast meir sikkert om desse tilhøva ut frå kjeldetilfanget, men det endar litt for ofte med formuleringar som at det *kunne* ha vore slik og slik, om kva som *kan* ha skjedd, kva som er *tenkeleg*. Ein kjenner faren for at det heile skal gli ut i allmenne betraktningar der spørsmålet ”kva så?” kjem litt for langt frampå tunga. Eg kunne altså ønskt å vite meir om sambandet til dei språklege resultatata av kontakten, utan dei blir det gjerne meir av allmenn historie og ikkje *språkhistorie*. Nettopp slike resultat er også nemnt i den sentrale problemstillinga tidleg i avhandlinga, som referert ovafor. Da kjenner ein seg litt snytt når dette i så stor grad manglar.

Så til noko anna som eg også reagerer på: Rambø føyer seg inn i ein etter kvart kjent tradisjon med å ta avstand frå eldre granskingsretningar, i norsk samanheng oftast junggrammatikken og den historiske dialektologien. Det er dessverre ein (u)skikk i viktige delar av norsk språkvitskap å ikkje innsjå at ein står på skuldrene til tidlegare tiders gransking, og her blir framstillinga ubalansert. Vi unngår ikkje den etter kvart vante og nærmast rituelle lekse om dei uheldige sidene ved den historisk orienterte målføregranskinga, den einsidige vekta på eldre, stadbundne informantar etc. Ein blir litt

for oppteken av å markere avstand til andre (tidlegare) retningar og forankre seg trygt i det som er ”in”. Etter mi meining må det snart vera brukt nok trykksverte og energi på den slags øvingar. Men litt stygt sagt er det kanskje nødvendig for å vinne fram i forskarsamfunnet, i alle fall så lenge dagens tonegeivande generasjon sit i posisjonane sine.

Men positivt er det at Amund B. Larsen omsider blir kreditert for på eit tidleg tidspunkt å ha vore inne på tankar og problemstillingar som ein også er oppteken av i moderne sosiolingvistikk (s. 116). Dette er også utdjupa i boka i høve til avhandlinga, vel som eit resultat av påpeiking i opposisjonsinnlegg.

I gjennomgangen av ulike forskningstradisjonar og deira tilhøve til språkleg variasjon blir det halde fram at ein innan junggrammatikk gjerne har sett språket isolert frå det samfunnet som det er ein del av. Noko av det same gjeld seinare tiders strukturalistisk og generativ forskning (s. 7). Dette er jo på mange måtar rett, og har nok ofte hatt reint praktiske grunnar. Eg blir likevel freista til å komma med eit lite innskot. I ordgeografisk gransking dukka jo læresetninga ”kvar ord si historie” tidleg opp, nettopp som ein reaksjon på junggrammatikkens unntakslause lydlover, og da laut samfunns-samanhengens så absolutt trekkjast inn. Og for ein leksikograf, som syslar nettopp med det språknivået som ligg tettast på den utanomspråklege røynda, er det uråd å sjå bort frå omverd og samfunn i arbeidet. Slikt har leksikografar vore klar over temmeleg lenge.

Det openberrar seg dessverre av og til svikt i den filologiske grunnkunnskapen. Såleis er ei direkte feilopplysning om genusforhold og bunden artikkel i femininum i dialektane rundt Stockholm (s. 309) ikkje retta i prosessen frå avhandling til bok, trass i at det var påpeikt i opposisjonen, og at det riv grunnen unna påstanden like nedafor om at bydialektane i Stockholm, Bergen og København skil seg frå omlandet ”på same måte”. Heller ikkje er opplysninga retta om at a-endingane som vart fastlagt i svensk i 1541 i Gustav Vasas bibel, gjeld ubunden form av svake feminina, og såleis ikkje har noko å gjera med den bundne artikkelen i det heile (også dette påpeikt i opposisjonen). Det finst også døme på at misforståingar av ”falske venner” i dei nordiske nabospråka ikkje er retta (som svensk *ärende* – norsk *sak*, eller svensk *rubrikk* – norsk *overskrift*). Dette kan nok synast som pirk, men det er synd at denne vesle finpussen ikkje er teken når ein får sjanse til å gje ut avhandlinga som bok.

Reint språkleg kunne teksta også tolt noko meir gjennomarbeiding. Det finst ein del omstendelege formuleringar der ting kunne vore sagt på ein

meir elegant måte ved betre gjennomarbeiding. Eg skal nøye meg med éin smakebit: ”synes å danne et godt grunnlag for å hevde at det synes rimelig å anta” (s. 309). Det finst også litt for mange døme på unødige oppatt-takingar av tankar og poeng.

Avrundning

Dette vart tilsynelatande mykje negativt, men det er jo også ein del av jobben til ein meldar. Det som står fast, er at Gro-Renée Rambø med denne boka har levert eit stort og viktig bidrag som vidare forskning på området ikkje kjem utanom. Om det kanskje ikkje kastar så mykje av seg i form av direkte ny kunnskap, er den breitt orienterte samanstillinga av både språkkontaktlitteratur og historisk litteratur både nyttig og kjærkommen, og representerer ein imponerende arbeidsinnsats. Det er parti her som er verkeleg gode. Koplingane til språklege fakta som eg etterlyser, kan kanskje komma som eit oppfølging? Ei viktig påpeiking og innsikt som kjem godt fram, er at det har vore store forskjellar innan Norden når det gjeld vilkår for språkkontakt med lågtysk. Tidlegare har ein gjerne oppfatta dette store området som altfor homogent i så måte.

Litteratur

Nesse, Agnete 2001: *Språkkontakt mellom norsk og tysk i hansatidens Bergen*. Dr.art-avhandling. Tromsø.

Tor Erik Jenstad

Norsk Ordbok 2014

Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, NTNU

NO-7491 Trondheim

tor.erik.jenstad@hf.ntnu.no